

Arve Helle (A) : Status for områdeplan for Paradis (Bergen)

«Paradis i Bergen er eit område som er under sterkt press for utvikling og fortetting. Gjeldande områdeplan vart godkjend i 2014. I etterkant er det i dei aller fleste byggesakene søkt om og gitt løyve til meir fortetting enn det som låg til grunn for områdeplanen sine rammer.

Det vert no jobba med ein plan som skal regulere veg og gang- og sykkelveg i området. Denne vil definere mykje av premissane for utviklinga av området framover.

Det har nyleg vore ei synfaring i området i regi av Vestland fylkeskommune. Eg er kjend med at det er ei bekymring blant innbygarane på Paradis for at det er skulen som må avgje areal for å realisere planane i området, og at det ikkje er tilstrekkeleg fokus på sikker skuleveg. Paradis skule har allereie i dag for lite areal og helsevernetaten har tidlegare trekt godkjenninga deira m.a på grunn av dette. Prognosane for området viser eit sterkt aukande tal elevar og det gjer denne bekymringa endå større.

Kva er status i arbeidet med denne planen, og korleis blir interessene til innbygarane ivaretekne i den vidare prosessen?»

Svar frå fylkesrådmannen:

Fylkeskommunen kan berre svare for eigne forhold. Spørsmål som gjeld eventuelle dispensasjonar frå vedtekne planar må Bergen kommune svara for.

Områdeplan for Paradis er ein del av Bergen kommune sin strategi for knutepunktsutvikling langs Bybanen.

Offentleg infrastruktur skal finansierast delvis frå private og delvis frå det offentlege. Vestland fylkeskommune finansierer 50% av anlegget.

Bakgrunnen for planforslaget til detaljreguleringsplan er å sikre gjennomføring av samferdselsføre mål i gjeldande områdereuleringsplan på Paradis (plan-ID 60760000) ved at det blir sikra nok areal for bygging av Paradis sentrum sine gater, med gang- og sykkelvegsløysingar.

Detaljreguleringsplan for veg, inkl. tilrettelegging for mjuke trafikantar, er ute på avgrensa høyring, då det er framlegg om fem endringar. Endringane omfattar

- trapp frå busshaldeplass til privat gangveg mellom Storetveitvegen og Statsminister Michelsens veg.
- endra løysing langs Paradis skule som reduserer arealbeslag inn mot skuleplassen og regulerer fjerning av teaterbrakkka.
- endra løysing for gjennomgåande sykkelveg ved krysset Jacob Kjødesveg/Statsminister Michelsens veg.
- forslag til ny vegtilkomst frå Jacob Kjødesveg til eksisterande bustader.
- utviding av planområdet i Sandbrekkevegen for å sikre koplingar til tilstøytande planar og endra løysing med sykkelveg og fortau på strekninga Tunvegen til Birkelundsbakken.

Det er berre desse endringane som er omfatta av høyringa. Fristen for høyringa går ut no i slutten av juni. Alle direkte berørte partar og offentlege instansar har fått høyringsdokumenta tilsendt.

Etter høyringsfristen er ute vil vi gå gjennom og vurdere innkomne merknader. Forventa oversending til kommunen, med Vestland fylkeskommune si tilråding, vil bli etter sommarferien.